



**Notat**

Dato: 25.02.2015  
Arkivsak: 2014/193-15  
Saksbehandlar: fromann

---

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Sentralt AKAN-utval

---

### **Uttale om alkoholreglement for Hordaland fylkeskommune**

Sentralt AKAN-utval har i møte 13. februar 2015 drøfta framlegg til reviderte retningsliner for servering av alkoholhaldig drikke i Hordaland fylkeskommune, jf. sak til Administrasjonsutvalet og Fylkesutvalet.

Sentralt AKAN-utval vil generelt minne om målsettingane for AKAN-arbeidet i HFK:

- ivareta tryggleik, kvalitet og omdømme
- bidra til eit rusfritt og godt arbeidsmiljø

Når det gjeld sosiale samkome på arbeidsplassen, er dette indirekte omtalt i AKAN-retningslinene under avsnittet om Førebygging:

«Ved representasjon, tenestereise, deltaking på kurs og konferansar og *andre arbeidsrelaterte situasjonar (uteha her)*, vert det forventa at medarbeidarane viser måtehald og åtferd som ikkje går ut over omdømmet til arbeidsplassen. Tilsette er å sjå på som representantar for Hordaland fylkeskommune i slike samanhengar. Det vert stilt krav til arbeidsinnsats, enten ein skal halde fram på kurs eller konferansar neste dag, eller ein skal attende til ordinær arbeidsplass.

Det er ikkje akseptabelt for tilsette å nyte alkohol på reiser eller arrangement saman med elevar, dette gjeld også om elevar er over 18 år.»

Sosial arrangement på arbeidsplassen er i ein gråsone når det gjeld AKAN- og personalreglementet. Så lenge ein møter på jobb utan påverking av alkohol så har ein ikkje som tilsett brote personalreglementet. I nokre tilfelle kan slike arrangement verke positivt på sosiale relasjonar på arbeidsplassen. I andre høve kan alkoholserveringa få slike uheldige følgjer at det står i motsetnad til formålet om eit rusfritt og godt arbeidsmiljø. AKAN-utvalet vil peike på at det ligg eit større ansvar på leiarane i HFK når ein legg til rette for servering og/eller nyting av alkohol på arbeidsplassen, enn når det er tale om private arrangement heime hos tilsette eller på restaurantar o.l. med skjenkeløyve.

I tråd med dette leiaransvaret vil sentralt AKAN-utval peike på at pkt. 5. i framlegget til retningsliner kan verke noko uklårt:

Dersom rektor gir løyve til sosialt arrangement med alkohol for eigne tilsette i skolebygget, kven er då «den ansvarlege for arrangementet»? Skal det vere ein namngjeven person? Sskal det vere ein person med leiarfullmakter, eller kan det vere kven som helst blant dei tilsette?

Og: Korleis vil ein avgrense «eigne tilsette»? Det er fleire stader vanleg at tilsette nyttar fylkeskommunale skolebygg til private festar, t.d. konfirmasjon og feiring av runde dagar. Kan rektor også gje løyve til servering av alkohol i slike arrangement med familie og vener av tilsette?

Sentralt AKAN-utval ønskjer ut frå dette ei noko klårare formulering av pkt. 5 i framlegg til retningslinjer for servering av alkoholhaldig drikke i Hordaland fylkeskommune.